

## VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDANE I ØYSTRE SLIDRE

### §1. KYRKJEGARDSTILHØRING

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på den kyrkjegarden i kommunen som ein måtte ønskje dersom dei ikkje blir gravlagde i ein annan kommune. Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ein annan kommune mot slutten av livet.

Alle som høyrer heime i kommunen har rett til fri gravplass (enkeltgraver) så framtid grav vert tilvist etter vanlege reglar. Kyrkjegarden skal vera planlagt. Plankartet må vera i 3 eksemplar, - hjå gravar, i kyrkja og hjå kyrkjevevja.

### §2. FREDINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for oskeurner er 20 år.

Fredingstid for kister er 20 år.

Festetida er 10 år.

Etter søknad kan fellestrådet tillate festingstid utvida med nye 10 år, og i særhøve ut over 40 år.

Fredingstida reknar ein frå siste jordsetting.

### §3. FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teke bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellestråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer da ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av. Urnene skal stå minst 0,5 m under fast jordkant.

Ingen kan stevja ned urner utan at kyrkjevevja har fått melding om det. Arbeidet skal utførast av kyrkjegarden sine folk.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 10 år. Når det er gått 40 år etter gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå kyrkjeleg fellestråd. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden attende til kyrkjegarden. Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellestråd avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring i adresse.

Kyrkjevevja og gravar fører kvar sin protokoll over dei gravene som er i bruk. Protokollene skal kontrollerast ein gong pr. år for å sjå at gravferdsprotokoll og kart stemmer og er à jour.

### §4. GRAV OG GRAVMINNE

Kyrkjegardsbeteninga syter for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne kan ikkje setjast opp før kyrkjevevje har godkjent det. I mellomtida kan dei pårørande sette opp eit merke med namnet til den avlidne. På nyfesta gravstad set ein opp eit gravminne sentralt i bakkant av gravstaden.

### §5. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokster som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er heller ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av henne med hekk, men det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinkant som fluktar med terrenget rundt. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

### §6. PLANTETILFANG

Kransar og blommar som ligg oppå grava etter ei gravferd der familien har ynskt dette, skal fjernast etter ein månad, til vanleg. Dersom dette ikkje skjer, vert blomane fjerna av kyrkjegardsbeteninga.

## **7. STELL AV GRAV**

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava som han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege eller av kyrkjegardsbetjeninga.

Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg pynting på grav mot forskotsbetaling.

Reiskap som høyrer kyrkjegarden til, må setjast på plass etter bruk.

## **§8. GRAVLEGAT**

Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravlegat , vil kyrkjeleg fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Gravlegatet vert forvalta av fellesrådet sin daglege leiar som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Det skal i kvar einskild høve opprettast legatavtale.

Gravlegat skal ikkje opprettast slik at det varer lengre enn den fredingstida som ligg framføre. Dersom det oppstår slike økonomiske førehald i legattida at midlane ikkje rekk til, skal legatstyraren gi melding om dette til den som er ansvarleg eller festaren. Det er da høve til å auke legatet slik at det rekk tida ut. Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp.

Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellesråd til å gjera kyrkjegarden vakrare. Gravlegatet vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører eigen rekneskap for kvart legat som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.

## **§9. BÅREROM**

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal til vanleg nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

Har eit lik vore sendt langvegs, må ikkje kista opnast utan sær s grunn, og familien har tilrådd det.

## **§10. NÆRINGSVERKSEMD**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Kyrkjegardsbetjeninga kan ikkje mot godtgjering utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med kyrkjegarden å gjere.

## **§11. YMSE FORSKRIFTER**

Gravminnet er de pårørande sin eigendom. Når ei grav fell attende til kyrkjegarden, har fellesrådet rett til å ta vekk minnestein o.a. som står på grava, om ikkje dette er gjort innan ein frist på seks månader etter varsel. Gravminne eldre enn seksti år skal ikkje takast vekk eller flyttast utan i samråd med riksantikvaren. Kyrkjegarden skal vere godt inngjerda, og gjerdet må alltid vere i god stand. Kyrkjegardsfreden må ikkje uroast av leik og larm. Ein kan berre nytte kjøretøy inne på kyrkjegarden når kyrkjeverja har gjeve løyve til det. Sykling er forbode, likeins køyring med traktor om ein ikkje har sær løyve. Lause hundar må ikkje verte takne med.

Revidert av Øystre Slidre kyrkjeleg fellesråd 20.02.11

Godkjend av Hamar Bispedømmeråd.